



Lukasz Tomasz Banasik  
Skarsvegen 286  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18650 - 20/81220

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
21.12.2020

## Avvist søknad om dispensasjon frå fylkesveg - gbnr 145/36 Fosse indre

<b>Administrativt vedtak.</b>	<b>Saknr: 1397/20</b>
<b>Tiltakshavar:</b>	Lukasz Tomasz Banasik
<b>Ansvarleg søkjar:</b>	Lukasz Tomasz Banasik
<b>Søknadstype:</b>	Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 5476 avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søkjer på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 02.12.2020

Saka gjeld søknad om dispensasjon i samband med ønske om å føre opp terrasse på eigedom gbnr. 145/36.

### Planstatus

Eigedomen er delvis omfatta av reguleringsplan FV 404 og av kommunedelplan for Lindås 2019-2032.

Aralet er i begge planane avsett til bustadføremål. Det ligg ikkje byggegrense mot veg for eigedomen.

Tiltaket krev søknad om dispensasjon slik som omsøkt.

### VURDERING:

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

1. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3. ledd bokstav k), jf. plan- og bygningslova § 19-1:  
Søknad om dispensasjon skal vere grunngjeven, motteken søknad om dispensasjon gjev ikkje greie for omsyna byggegrense mot veg skal i vareta og eventuelle fordeler ulemper planlagt terrasse på egedomen medfører.
2. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3. ledd bokstav n):  
Det går ikkje fram av gjenpart av nabovarsel nabovarsel at det er søkt om dispensasjon, det går heller ikkje fram av gjenpart kva dokumentasjon som er lagt fram for naboar. Gjenpart av nabovarsel er ei erklæring på at du som tiltakshavar har lagt fram dokukmentasjon som er sendt kommunen for aktuelle naboar og gjenbuarar. Følgjande eigedomar er ikkje dokumentert nabovarsla: gbnr 145/94 Vestland fylkeskommune, gbnr145/39 Alversund Indremisjonslag og gbnr 145/97 Grete Fosse
3. Byggesaksforskrifta § 5-4, 3. ledd bokstav i og m):  
Motteken situasjonsplan er ikkje påført minsteavstand til nabogrense og heller ikkje minsteavstand til vegmidte fylkesveg. Vi har ikkje motteke fasadeteikningar av bustaden som syner eksisterande situasjon og planlagt fasade. Teikningane oppfyller ikkje naudsynte kvalitetar slik at vi kan ta stilling til planlagt tiltak.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Vi legg ved rettleiar utarbeida av norsk kommunalteknisk forening med omsyn til krav til teikningar og krav til søknad om dispensasjon.

### **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

NKF rettleiar teikningar  
NKF rettleiar søknad om dispensasjon

**Kopi til:**

Lukasz Tomasz Banasik	Skarsvegen 286	5911	ALVERSUND
-----------------------	----------------	------	-----------

**Mottakarar:**

Lukasz Tomasz Banasik	Skarsvegen 286	5911	ALVERSUND
-----------------------	----------------	------	-----------